

HYRDINGEN

NR. 4

September 2016

ÅRGANG 58

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



«He ain't heavy, he's my brother»

Sjå side 3



*Ein sommar med spesielle gudstenester er over.
Trusopplæring og bedehus startar opp sitt arbeid med mange frivillige*

Sideoversikt:

Presten har ordet	2	Visjonar frå kyrkjetårnet	6	«Vivian Zahl Olsen-kveld» i Ølen	11
Redaksjonspennen	3	Skjold og Vikebygd Sokneråd....	8	Anne Lise med ny CD	11
Hyrdingen som kontakt.....	3	Vats Sokneråd	8	Kyrkjetunet hausten 2016	12
Konsert og gudsteneste på Vindafjordmuseet	3	Paul Harrison Band i Skjold kyrkje	9	Frå kyrkjeboka	12
Familiegudsteneste på Refsnes	4	Konsert med Kjell Inge Torgersen	9	Gudstenestene	14
Friluftsgudsteneste	5	Ole Johan og «fylkesdama» les først	9	Møter og kungjeringar	15
«Sprell Levande» feirar 10 år	5	Vikestølsmøtet for 116. gong	10	Barnas side	16
		Kyrkjegarden i Ølen	10	Viktige datoar - trusopplæringa	16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049

Adr. Skjold kyrkje

Postboks 6, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf 53 65 65 41 Mob. 926 55 651
Epost: johannes.nedrelid@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tysd:10-12, Torsd: 14.30-16
Fred: 10-12

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,
Pb. 6, 5574 Skjold.

Tlf. 53 65 57 94

Mobil: 932 45 645

jon.adnøy@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovich: 416 46 183

Nelly Kotkovich: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Prostiprest Eldbjørg Andreassen:
Mobil: 952 46 234

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:

Kari Synnøve Velde Haugen

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

Presten har ordet

Av sokneprest Harald Eintveit



Grøda er stor...

Les Matt. 9, 35-38

Det osar av action! Ser du Jesus føre deg, der han vandrar omkring i alle byane og landsbyane? Ikkje er det snakk om gå-tur utan mål og mè. Nei, han er målretta og tydeleg innstilt på å oppsøkja menneske, finna treffpunkt og skapa gode relasjoner. Så underviser han. Han forkynner evangeliet og lækjer all sjukdom og vanhelse. Kan du tenkja deg ein meir fargerik, kreativ og velgjerande person? I tillegg har han flotte indre kvalitetar, syner det seg. For når han ser alt folket, får han inderleg medkjensle med dei, for dei er forkomne og hjelpe-lause. Empati kallar me dette i dag.

Eg lurer forresten på om Jesus hadde brukt så mykje tid og krefter framfor PCén som dagens prestar, predikantar og folk flest brukar. Det trur eg snautt, sjølv om internett og facebook er brukande til ein slags kontakt. Nei, Meisteren er ein vandrar som møter menneske der dei oppheld seg i kvardagslivet, i ulike situasjonar og stemningar, og med ulike lagnader.

Av og til får me inntrykk av Jesus som ein mirakelmann, men det er han ikkje, og slik ynskjer han heller ikkje å verta oppfatta av folket. Han forvandler ikkje Palestina til eit sanatorium, men han gjev teikn på det Riket han representerer ved dei mange underfulle og gode gjerningane sine. Dette riket forkynner han, Guds rike, - og dette riket vil han ha fleire enn seg sjølv til å kjempa for. Med ettertrykk gjev han læresveinane sine oppdraget: «Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.»

Ser me dei forkomne og hjelpe-

lause i dag? Velstanden i verda har vakse,- og til overflod har han gjort det i vår vestlege verd, men gapet er skammeleg stort mellom verdas fattige og verdas rike. Millionar er dei som ikkje har nok til dagleg brød,- og det ikkje berre mat til å svelja, men like mykje hus og heim, fred og godt styre, godt ver og god helse, gode seder og skikkar, gode vene og grannar og meir slikt. (Martin Luther).

Kva så med dagleg brød som mette for sjela? Det er nemleg ikkje berre den fysiske hungeren som rir verda som ei mare. Det er angst, forvirring, forføring, terror og avmakt. Kven tek seg av mennesket når det druknar i alt dette? Kven har blikk for nauda?

Kven tenner lyset i dette mørkret?

Svaret er kort og godt: Det er han eller henne som ser. Han eller henne som har blikket Jesus hadde. «Og då han såg folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpe-

lause, som sauer utan gjetar.»

Me lever i fartens tidsalder, noko som inneber slitasje. Det som var gode verdiar for familie og samfunn i går, vert utsett for alvorleg skuring og skraping i dag. Det er forbi med den tida då åndsarv sjølv sagt og sikkert vart formidla vidare til neste generasjon. Slik er det også med kristen tru og kristen levemåte. Berre gjennom stadig fornying kan det me har fått overlevert leva friskt og bererkraftig for den einskilde, for samfunnet og for landet vårt. Her har me - kvar einaste ein av oss - eit tydeleg ansvar. Ingen av oss er nokon pryd-busk, heller ikkje var Jesu læresveinar det dengong, men det er heller ikkje pryd, prakt og plettfrei vandel som trengst. Det som trengst, er å sjå,- eller meir presist: Å be om Jesu blikk! For grøda er stor!





Av Steinar Skartland

Denne sommaren har vore prega av nyhetsmeldingar om terror fleire stader i Europa. Det er vanskeleg, ja, umogeleg for oss å forstå at menneske kan gjera så mykje vondt mot uskuldige, mange av offera er endå til born. Mange har gjort terror i namnet på ein gud og ei gudstru.

I kyrkjene våre så er det ei anna lære vi forkynner. Om ein Gud som ber oss venda det andre kinnet til om nokon slår oss. Om Jesus som i Bergpreika sa (Matt.ev. kap.5):

- Men eg seier dykk: Elsk fiendane dykker, velsign dei som forbanar dykk, gjer vel mot dei som hatar dykk, og be for dei som mishandlar dykk og forfølger dykk.

Det er vanskeleg å tenkja slik når vold og terror vert retta mot born og uskuldige. Likevel skal vi ikkje la hatet fylla oss, men halda fram med å gjera godt mot dei vi møter, og minna kvarandre på at vår Gud seier i sitt ord til oss: - Du skal elskha nesten din som deg sjølv.

La oss møta det vonde med det gode, så skal det gode sigra.

Hyrdingen som kontakt med heimstaden

Når sommaren er over er det også dei som reiser frå bygdane i Vindafjord. Nokre for å studere, andre har berre vore på besøk i bygda dei vaks opp.

Kan det vera ein ide å få kyrkjebladet Hyrdingen tilsendt i posten som ein kontakt med bygda og kommunen du reiste frå? Ei abonnement kostar 275 kr for å få sendt bladet heim til deg. Bruk kontonr.: 3201.53.18049

Merk giroen: abonnement + namn og adresse til mottakar

Konsert og gudsteneste på Vindafjordmuseet

Av Steinar Skartland

«He Ain't Heavy, He's My Brother» var eit av dei sitata Jon Ådnøy brukte i talen sin oppe på Vikedal Bygdatun 17. juli. Rootsen var over, men soknerådet og museet hadde felles arrangement.

Sokneprest John Ådnøy hadde oppleget for gudstenesta utanfor museet der eit telt var rigga for å verna mot regnet. Det engelske sitatet har vore nytta i ulike samanhengar, m.a. ein popballade skriven av Bobby Scott og Bob Russell, og stammar frå ein gut som bar ein mindre gut på ryggen. Jon oppfordra oss til å sjå på kvarandre, ikkje som ei bør, men som ein bror eller søster. Som eit medmenneske. Ikke fokusera på feil hos andre. Når Jesus ber oss så seier han: «Tung,

nei det er då bror min.» Slik er Guds kjærleik.

Midt i gudstenesta var det lagt inn ein konsert av Vindafjordmuseet sitt spelemannslag. Gruppa kallar seg Vindspel og er eit månadleg fora for å ta vare på lokale, men også internasjonale folkemusikktradisjonar.

- Det plar vera ca. 10 pers på kvar samling oppe på museet i Vikedal, fortel Monica Haugan.

- Alle er velkomne til desse samlingane, også om det er berre å lytte. Me har jamlege oppdrag.

Om det var litt regn i lufta, hadde dei 60 frammøtte kyrkjegjengjarane det tørt og godt under teltduken, og kunne kosa seg med kaffi og kaker både inne og ute før dei tok på heimveg att.



Monica N Haugan, gitar/song; Lennart Harms, munnspele (bak); Julianne Amberger fiolin (bak); Solgunn Liestøl, fele (bak); Kjell Ravatn, fløyter (bak); Andreas Rosså, mandolin; Reidunn Hedtoft, triangel og Beate Tandrevold Krokedal, song.



Organist Njål Steinsland, s.pr. Jon Ådnøy og tekstlesar Herdis Pedersen.



Familiegudsteneste på Refsnes

– eit ledd i kulturveka i Vats

Av Trygve Sandvik, Øvre Vats

Søndag 5. juni var det friluftsgudssteneste på Refsnes i Blikrabygda. Dette var ein del av programmet i kulturveka i Vats (28. mai – 5. juni). KFUK-KFUM -speidarane i Vats saman med arrangørane for kulturveka stod for det praktiske opplegget.

Søndagen kom med strålande solskin, og gradestokken viste ein temperatur som høyrer med til dei finaste sommardagane. I bakkane og framfor jubileumsstøtta til speidarane hadde det samla seg mykje folk både store og små. For i gudsstenesta skulle det også vera barne-

dåp. To born skulle døypast: Ørjan Steinnes og Heine Eikeland.

Sokneprest Jon Ådnøy viste til i preika si at teksten for dagen var den same som vart nytta under dåpen, og denne var henta frå Markus 10, 13 – 16: "Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje, for Guds rike høyrer slike til." Lærersveinane ville visa bort småborna, men folket ville gjerne at også borna skulle få koma til Jesus. Slik er det også i dag, folk vil at borna skal få del i det frelsesverk som ligg til grunn for trua vår.

Det vakre været i den flotte naturen rundt oss gir eit bilet av Guds rike, og me kan berre seja takk, for det er alt av Guds nåde, sa Ådnøy blant

anna i preika si.

Etter preika fekk Steinar Sørhus (primus motor for gudstenesteopplegget) ordet, og han orienterte litt om kulturveka. Han takka Ådnøy og overrekte ei T-skjorte med kulturveka sin logo. Agnes Andersen spela til songane, og ho vart overrekt ei treskål med påskrifta "Kulturveka i Vats 2016".

Lars Johan Velde delte ut merke til småspeidarane som hadde vore med utover våren, og Rune Velde delte ut trofé (kampen om gullkonglene) blant dei større speidarane.

Etter dette var det grilling og aktivitetar, og folk fann tonen og koste seg i lag i det nydelege været.



Friluftsgudsteneste med speidar, dåp, barnekor og vielse



Beate Håland og Even Bjørnevik sa ja til kvarandre.



Barnedåp og speidardeltaking.



Lina Fisk Eide syng med borna.

Av Steinar Skartland

Det var mange som kom til ein festpynta park i Vikebygd 19. juni. Flagget til topps og klar til utegudsteneste med John Ådnøy, her det ein gong stod ei flott stavkyrkje. Når er berre murane under koret att og det er høgt under taket. Herren sytte for sol frå ein lyseblå himmel der skyer seig sakte som bomullsdottar forbi. I dag skulle speidalar og barnekor få vera med og leggja ei vakker ramme rundt gudsteneste og to barnedåpar denne søndagen.

Korkje kyrkjelyd, medliturg eller organist Arne Tveit visste om at slutten av gudstenesta skulle bli ekstra spesiell. Etter at Brit Nelly Ness Tveit hadde lese opp kunngjeringane, tok presten Jon ordet og sa at han hadde fleire kunngjeringar. To av foreldra som bar borna til dåpen skulle viast. Og flokken som sat på campingstolar på plenen der kyrkjeskipet ein gong var, gjorde store auger av undring då Endre og Beate, saman med forlovarar steig fram. Ein brudebukett var også trylla fram frå barnevogna og vesleguten deira

kom med ei kvit pute der gullringar var plasserte.

Makan til flott oppleving vi fekk vera med på denne søndagen i Vikebygd skal ein leita lenge etter og vi trur både brudepar, dåpsfylgle og kyrkjelyden fekk med seg eit flott minne som både varma og fekk fram tårer i augnekroken. Medan dei nyvige kunne ta med seg familiemedlemmer som trudde dei skulle i barnedåp, til fest på Lensmannsgarden, kunne den øvrige del av kyrkjelyden kosa seg med kyrkjakaffi i parken.

«Sprell Levande» feirar 10 år

Av: Ingunn Marie Ruud, KPK

«Sprell Levende» er Søndagskolen Norges sitt teologiske og pedagogiske opplegg for søndagsskulesamlingar for borna.

– Heilt sidan starten av «Sprell Levende» har opplegget lagt spesielt vekt på at søndagsskulesamlingane skal vera ei oppleveling for borna, seier Odd Ketil Sæbø som er programsjef i Søndagsskolen Norge.

Grunnen til at Søndagsskolen etablerte og lanserte «Sprell Levende» i 2006 var eit behov for eit meir fleksibelt opplegg enn med faste bøker og samlingar som fantes frå før.

– Det nye med «Sprell Levende» var at det blei eit abonnement der søndagsskuleleiarane i mykje større

grad kunne velja ut og tilpassa samlinga til si gruppe. Vi opplevde det som viktig å til ei kvar tid å vera oppdatert på borna si verkelegheit og kunne følgja med når synet på born og tru endrar seg, fortel Sæbø.

Teknologisk utvikling har også påverka Søndagsskulen sitt opplegg.

– Nå har vi eit online planleggingsverktøy der leiarane kan velja ut aktivitetar til eigen samling og fleire vel å ha eit online-abonnement i staden for å få ting tilsendt i posten.

Barnet si undring

Sæbø trur «Sprell Levende» har ført til ei meir gjennomført teologisk og pedagogisk trosopplæring i Søndagsskolen.

– Vi legg vekt på barnet si undring

og eigne perspektiv på bibelforteljinga som ein del av samlinga. Dette er ein reaksjon på tidligare trusopplæring der den vaksne formidla mens borna ofte berre var passive mottakarar, seier han.

– Oppleggene for samlingane er delt opp i fem deler: Fellesskapet, forteljinga, undringa, oppdraget og velsignelsen; og med eigne opplegg for jul og påske og 16 samlingar i halvåret. Vi har eit kriterium om at forteljingane skal vera gode, lette og eigna seg for barn. Tanken vår er å velja bibelforteljingar som motiverer borna til å bli etterfølgjarar av Jesus.

– I år satsar vi mykje på musikk og har nysse gitt ut CDen Bibelbeat som også blir sendt ut til alle som mottar Barnas-bladet i posten, fortel Sæbø.

VISJONAR FRÅ KYRKJETÅRNET

Av Harald Eintveit

Renesanse

Hyrdingen har utfordra meg til å koma med visjonar for kyrkja i lokalsamfunnet. I kyrkjetårnet, der eg denne gongen har posisjonert meg, er det naturlegvis litt luftig og det er lett å missa bakkekontakten, men sanneleg er utsynet suverent! Desse visjonane ser eg tydeleg bør koplast til heimen si kristenrolle. Skal kyrkja i komande dagar vera levande og meiningsberande, må det oppstå ein renessanse i familiens funksjon.

Tid til konstruktiv dialog

Ettersom me lever i eit samfunn prega av stadig teknisk nyvinning og rasjonalisering, med ofte upersonlege tilhøve i arbeids- og samfunnslivet som konsekvens, opplever mange menneske at heimen vert ei nisje der verdiar som intimitet, venskap, fellesskap og hyggje kan få si frigjorte utfaldning. Denne samverssituasjonen gjeld det ikkje minst for foreldra å utnytta i tilhøve til borna, som faktisk har klåre forventningar til dei vaksne. Per Stormyhr, leiaren for gruppedynamikk i Oslo, skriv i «*Hjem og Skole*» at det er tre ting dei unge ynskjer seg av dei vaksne: 1. *At me set grenser som dei opplever som meiningsfulle.* 2. *At me gjev dei tid og er viljuge til å vera meiningsfulle vaksne diskusjonspartnarar, ikkje moralistar.* 3. *At me ikke skal kle oss eller oppföra oss som ungdom, men vera vaksne slik at dei har nokon å identifisera seg med.*

Det handlar om grensesetting, meiningsfull dialog og førebilete med klår profil. Dermed kjem me ikkje utanom den forutsetninga «*at me gjev dei tid*». Dei unge må få oppleva og kjenna at dei som Gud-skapte menneske har uendeleig stor verdi. Dette må dei ikkje berre få høyra, men også få det stadfest ved at dei vert tekne på alvor og tekne omsyn til i heimen. Samtidig må dei få høyra om Guds krav til oss menneske, t.d. slik desse er nedfelte i dei ti boda. I vår tid med mange meininger og motsetningar, ikkje minst formidla via det sterke påtrykket frå TV og internett, er det vesentleg at den kristne heimen kan fungera som

eit vern mot mykje av det negative draget i åndsutviklinga. Dei unge må få oppleiring til å skilja mellom rett og galt ut frå gode normer. Maktar ikkje foreldregenerasjonen dette, har den svikta og forsømt ei av sine viktige pedagogiske oppgåver.



Faste felles måltidsfellesskap

Ettersom tida til samvere med dei unge er avgrensa i mange familiar, er det endå meir nødvendig at foreldra er medvitne på tidsbruken. Med dei mange ulike interessene representert ved foreldre og born, er ikkje tida alltid like lett å styra. Likevel bør ein kunna sjå det som ei viktig oppgåve å gå inn for, i det minste, eit par faste felles måltidsfellesskap om dagen. Dette styrker samkjensla og fellesskapen i familien og dermed utviklar og levandegjer heimen som Guds gode ordning.

Eit måltid bør ikkje berre vera eit mat-inntak, men eit personleg fellesskap der ein også gjev rom for samtale om dagens opplevelingar og hendingar. Diverre er det foreldre som nyttar måltidet til negativ og kritikksjuk omtale av andre og av arbeidsmiljøet. Dette skader oppsedningsfunksjonen hjå foreldra. Til vern mot slike uheldige sider er det klokt at ein ved starten av måltidet gjev tid til ettertanke og konsentrasjon. Diktlesing, eit Ord for dagen eller ein song til samling verkar positivt i så måte.

I det heile bør eit måltidsfellesskap vera eit samvere til reelt nærvære. Professor i idéhistorie, Guttorm Fløistad, hevdar at måltidet er ei trening i å vera til stades for kvarandre og syner på ein illustrativt oppsiktsteknisk måte kva sosial forvitring kan medføra for vår evne og vilje til nærkommunikasjon:

«*Det var endog en kvinnelig lege som i en tidsskriftartikkel stilte det nærgående spørsmål om vi i dagens hastige samfunn - på TV-skjermen som i livet ellers - virkelig er i stand til å være til stede for hverandre i en kjærligheitsakt. Hun svarte nei. Vi lever så oppstykket og møter så mange inntrykk at vi selv under et samleie presterer å være andre steder i tanke. Da er det neppe lettere å være tilstede for hverandre i andre sammenhenger heller.*» (Fløistad).

Tankenærvere eller ikkje under samleiet: Eit viktig mål for kristen oppsedding må uansett vera faste felles måltid. Det imøtekjem også borna og dei unge sine fremste ynskje om vaksne som bryr seg.

Husandakten

Eit anna veleigna tiltak som i min bestefars samtid var innarbeidd i den daglege rytmen, var husandakten. Den verka stimulerande, oppsedande og tente til å pleia Guds-livet hjå både born og vaksne. Det er i denne samanhengen interessant å merka seg det ein av dei kristne pedagogane hertilands uttrykkjer: «...vi må intensivere våre anstrengelser for å nå hjemmene. Dette må gå sammen med en alminnelig pedagogisk ansvarsvekkelse i hele kirken - en ansvarsvekkelse som ikke minst må resultere i en renessanse for husandakten i alle kristne hjem...» (Øystese).

Sjølv om foreldre stort sett er positive til den kristne oppseddinga, er det likevel eit faktum at motivasjonen for å stø eller for aktivt å stå for denne kan vera ulik. I denne samanhengen er det nyttig, ikkje minst ut frå omsynet til foreldra sin integritet i eit samarbeids tilhøve mellom heim og kyrkje, å dra fram ei undersøkjing som syner foreldra sine ulike oppsednings-intensjonar. Det vert her operert med: a) den trusintegrirande intensjonstypen, b) den tradisjons-formidlande intensjonstypen og c) den realitetsakseptanterende intensjonstypen. (Evenhaug).

Fyrstnemnde intensjon er den mest positive og vert grunngjeven ut frå ynskjet om at barnet må verta ført inn i kristen tru og kristent liv. Sistnemnde botnar i ei relativt uengasjert, men li-

kevel akseptante haldning til kristendomen, medan den mellomste varianten avspeglar foreldra si oppvurdering av den kristne tradisjonen, som dei sjølv vart førde inn i frå barnsbein av. «Til denne tradisjonen hører særlig aftenbønn...»(Evenshaug).

Det pedagogisk vesentlege er difor at foreldra får kjenna seg heime i eige hus når det gjeld utøvinga av oppsedingsansvaret. Nokre er komne langt i si truserkjenning, andre kortare. Stadiet i kunnskap og kjennskap må foreldra få lov til å vera rolege for. Forutsetninga deira må ikkje forstyrast, men først og fremst stimulerast. Dermed vert dei også betre i stand til å øva påverknad på borna sine.

Det som er tydeleg og som gjeld generelt, er at borna og dei unge lærer mest og tileignar seg verdiar best gjennom imitasjon og identifikasjon, gjennom modellar og roller. På denne måten får dei høve til å utvikla sin eigen identitet. Dersom foreldra ikkje utøver kristentrua si i kvardagslivet, sit dei unge lett igjen med inntrykket av trua som unyttig. Dersom heim og kyrkje verkeleg vil kristen oppsedding, må kristentrua koma til uttrykk i nærliek og varme i lag med dei unge. Kristentrua må sosialisera. Til dette er husandakten eit nytig «instrument»!

Felles kyrkjegang på sundagen

Min siste, men mest påtrengjande visjon som den kristne familien bør sjå som ei viktig utfordring i ei tid prega av så mange inntrykk, ulike refleksjonar og allslags aktivitetar veka igjennom, er felles kyrkjegang på sundagen. Utan tvil spelar fellesskapsdimensionen ei fundamental rolle i våre liv. Me er skapte til fellesskap med våre medmenneske. Livet vert meiningsfylt i omgang med andre. I einsemid og isolasjon endar våre liv i kaos og krise. Me misser mål og mè.

I kvardagslivet er me sterkt avhengige av kvarandre. Det er fellesskapen med menneske i stort og i smått som gjer det leveleg for oss. Dette er Inge Eidsvåg inne på når han seier:

»Det første året gir det (fellesskapet) oss mat og klær, språk og beskyttelse, oppdragelse og idealer. De siste årene trenger vi hjelpe og støtte, medisiner og myke puter. Og årene imellom, når vi tror oss sterke og uavhengige, behøver vi også fellesskapet: familien,

vennene, naboene, skolen, kollegene, butikken, posthuset, toget, o.s.v. Vi blir til i fellesskapet, er avhengige av det, speiler oss i det.» («Verdier - fellesskap og mangfold»)

Våre liv - ulike som dei er i retning og innhald - alt etter interesser og givnad og etter kva for ein fase i livet me er komne til, opplevest meir eller mindre som fragmentariske; d.v.s. som fellesskap innanfor avgrensa rammer og område: skule og heim, arbeid og fritid; på same måten som Eidsvåg konkretiserer dei ulike typane av fellesskap.

Strålande samsyn

Det er vesentleg - ikkje minst i vår tid med så mykje meiningssprik og oppsplitting på alle baugar og kantar- at me samlar oss om ein visjon, eit strålande samsyn som hjelper oss til å lyfta alle kvardagsfellesskap inn i ein større samanheng. Gud som har skapt oss og sett kvar og ein til å vera eit arbeidande og skapande menneske, bryr seg verkeleg om oss der me står og går i snart det tragiske og i snart det trivielle - livet. «Jorda og det som fyller henne, verda og dei som bur der, alt høyrer Herren til», syng den gamle salmisten (Salme 24,1).

Av di det er slik, vedkjem arbeidet og yrket vårt Gud. Difor er sundag, helg, kyrkjegang, gudsteneste og lovesong sjølvे livsnerva, sjølvē det integrerande sentrum som sameinar alle kvardagsfellesskap og omformar dei til gudstenestefellesskap. Herifrå lyder: ÅEre vere Gud i det høgste! Frå lovesongen over Betlehemsmarkene høyrest den same songen over alle marker. Og Betlehemslyset, som la seg over enkle gjetarar dengong, lyslegg oss kvardagsmenneske i kvar krok og krik. Gud vil oss noko! Han utfordrar oss til å gje respons. Dette treng me å hjelpe kvarandre med, ikkje minst overfor den oppveksande generasjonen som skal føra kristenaren vidare i folket vårt.

Oppgåve nr. 1

Av eiga røynsle veit me at denne oppsedingsoppgåva ikkje er enkel. Dei unge har sine interesser og ideal prega og skapte ikkje minst av «gjengen» og omgangsvenene. Likefullt står utfordringa klår,- ikkje minst med tanke på kyrkjegangens signaleffekt. Om me som vaksne ikkje alltid maktar å få med oss dei unge på kyrkjeveg,



gjev me likevel frå oss eit føredøme med avtrykk som vil verka positivt på den nye generasjonen. Difor må utfordringa til kyrkjegangsmobiliseringa starta med oss foreldre! Den utfordringa er vår oppgåve nr. 1!

«Foregår det ikke hver eneste søndag formiddag en stille folkeavstemning? Dersom alle tok det med kirkegangen som jeg, hva da med kristendom i morgendagens Norge?...» Den (kirkegangen) er vårt folks eneste gjennomførte kristenmønstring - på sikt avhenger kristendommens livskraft i samfunnet av den som av intet annet.» (biskop emeritus Lønning).

Kva kan så grunnen vera til ein nedgåandetrendigudstenesteslutnad i bygdene våre? Kyrkjegangen er jo heller ikkje sprek frå før. Kvifor er det først og fremst i kasualia (dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd) folket set kvarandre stemna i det lokale guds-huset sitt? Botnar det i uvilje? Snaut! «Folk tenkjer eigentleg positivt om gudstenesta», høyrdie eg eit menneske sa til meg her om dagen. «Det er berre dette med å ta initiativet.» Ja, tenkte eg, kanskje eit kick er nok!

Soknerådsmedlemer har ofte ulike praktiske oppgåver under gudstenesta. Dette er flott og godt! Likevel meiner eg tillitsvalde i kyrkja bør sjå sitt klåre ansvar til nærvære uansett. Det same gjeld i særskild grad kyrkjel-slette. Alle bør vera i lag om å styrkja opplevinga av at me i gudstenesta står «saman for Guds andlet». (Fortset neste side)

Lokal forankring

I samband med gudstenestereforma, som Ungdomens Kirkemøte gjorde opptakten til i 2003, vart det lagt til rettes for lokal forankring, fleksibilitet og involvering. Flott målsetjing! Personleg opplever eg denne intensjonen kjem til sin rett i arbeidet med konfirmantane. Dei unge får på ein ny og meir meiningsfylt måte innsikt i gudstenesta og vert betre motiverte til deltaking og engasjement.

Likevel: Korleis få folk flest ut av godstolen ein sundags føremiddag eller få dei til å prioritera den ordinære gudstenesta framfor fjellturen som avgjort må starta når sola renn?

Foreldre, besteforeldre og slektnigar er flinke til frammøte t.d. ved utdeling av Mi Kyrkjebok. Folk kjenner det visst lettare når ein har eitt eller anna «påskot» for å benka seg i kyrkjerommet. Særskilt synest dette «legitimt» når ein får spela på borna,- som om gudstenesta ikkje gjeld for vaksne. «Det er no eigentleg for barnebarnet mitt eg er her i dag», har eg hørt.

Den vanlege gudstenesta kjem aldri på høgde i konkurransen med underhaldning og stand-up-komikk, og skal heller aldri gjera det. Det ordinære og tradisjonsprega har også i vår kultur, som dyrkar det spektakulære, tapt attraksjonsverdi. Folk vil gjerne ha særhendingar i staden for det alminnelege. Kyrkjebilèum går an!

Å leggja gudstenestestrategien på premissane til vår tids rotløyse, er ikkje vegen å gå. Meir enn nokon gong før gjeld det å vidareføra den liturgiske tradisjonen, kyrkja sitt symbolspråk og trua sine fellesuttrykk. Heller ikkje fører det fram «å gjøre gudstjenesten til hyggetreff og koselig varmestue». (biskop emeritus Skjevesland). «Hvis målet er at alle skal «trives», havner vi fort i det trivielle», hevdar han.

Nåde til å vakna

Å få augo opp for gudstenesta, er ikkje gjort i eit no. Og kanskje er det lettare å mana fram ein gudstenestevision frå gluggen i kyrkjetårnet enn å praktisera kyrkjegang i helg og høgtid. Det me som kristen kyrkjelyd i alle hove kan gjera, er å be Gud om at folket i bygdene våre får nåde nok til å vakna!



Skjold og Vikebygd Sokneråd

Soknerådet. Bak: Jon Ådnøy (sokneprest), Øystein Kalstveit, Øyvind Valen, Bente Helen Øren (vara), Kirsti M Hjelmeland (kasserar), Kari Synnøve Velde Haugen (Leiar), Dag Hans Nagel-Alne. Framme: Aud Jorunn Tordal (vara), Gunnbjørg Nesbu (sekretær) og Anne Kristine Andersen. Ikkje på biletet: Brit Nelly Ness Tveit (nestleiar) og varamedlemmene: Georg Bakke, Linda Langeland, Sigmund Eggebø, Lina Fisk Eide.

Av redaksjonen

Frå hausten 2015 vart det som ei prøveordning, vald eit felles sokneråd for Skjold og Vikebygd. Dei skal ha ansvar for livet og aktivitetene i begge kyrkjelydane i denne fire-års perioden og er i tillegg til soknepresten, åtte valde medlemmer (fem frå Skjold, tre frå Vikebygd og tre varamenn frå kvart sokn). Øyvind Valen og Øystein Kalstveit er representantar i fellesrådet, med høvesvis Dag Alne og Anne Kristine Andersen som vararepresentantar.

Leiar for 2016 er Kari Synnøve Vel-

de Haugen. Ho fortel dette om arbeidet så langt i perioden:

- Me har brukt tid på å bli kjent med kvarandre og oppgåvene våre. Me er jo to ulike sokn som skal ha sokneråd i lag, noko kan me gjera felles, og noko kvar for oss.

- Trusopplæringsplanen har vore i fokus. Det er mykje å setja seg inn i og det vil ta tid «å få den under huden». Planen skal bli ein naturleg del av livet i kyrkjelydane.

Ho legg til at dei har også hatt fokus på gudstenestelivet og har eit ønske om utvikling med tanke på musikken i kyrkja.



Vats Sokneråd

Namn på medlemmene i Vats SR (frå venstre): Elisabeth Stople Gregersen, Torgeir Sørhus, Grete Skeie Sørhus (leiar), Lill-Inger Velde, Jon Ådnøy. Ikkje til stades: Arild Urdal, Olav Frøland, Aslaug Østrem Nesheim.

Av redaksjonen

Redaksjonen presenterer sokneråda i Vindafjord og er denne gongen komne til Vats der soknerådet består av seks valde medlemmer + sokneprest Jon Ådnøy og varamenn. Leiar er Grete Skeie Sørhus som fortel at dei sakene soknerådet i Vats vil ha fokus hausten 2016, utover det vanlege, ordinære arbeidet, er:

- Trusopplæring
- Song og musikk på gudstenestene
- Fellesskap rundt trua (dei ynskjer at alle aldrar skal kjenna seg velkomne på gudstenesta)
- Bibelmaraton i samarbeid med Skjold og Vikebygd sokneråd.
- Internasjonal julesongkveld. «Å syngja jula inn på mange språk» vil me fortsatt arrangera rett før jul som tidlegare år, fortel Grete.

Paul Harrison Band i Skjold kyrkje

Av Steinar Skartland

Smil, glede og svingande jazzmusikk fylte kyrkerommet i Skjold då britiske Paul Harrison Band og den danske vokalisten Camila Ernen Lyngholm hadde konsert fredag 12. august. Paul Harrison er sjølve symbolet på HOT britisk jazz. Virtuos på klarinett og sax og med eit suksessfylt band med eminente danske og utanlandske krefter. Med eit repertoar av gospel og den tradisjonelle New Orleans musikken ga dei publikum ei vakker Sildajazz oppleving.



Camila Ernen Lyngholm og Paul Harrison

Det var god plass i benkene med berre 140 tilhørarar. Men det internasjonalt kjende jazzbandet ga alt i denne musikalske opplevinga som vi fekk ta del i. Eit breitt repertoar med høg musikalsk kvalitet og svært utåtvendt sceneopptreden. I dette opplegget passa Camilla godt inn og ga oss ei flott oppleving med si gode røyst. Dei kombinerte humoristiske kommentarar og innfall frå bandmedlemene med varierte og glade jazztonar som vi gjerne skulle hatt meir av i kyrkjene våre.

Øystein Kalstveit, som kunne yn-

skja bygdefolket velkomne på vegne av kulturutvalet i Skjold og Vikebygd sokneråd, kunne vera stolt over denne kvelden. Sokneråda gjør ein flott jobb med å skapa liv i kyrkjene våre. I fleire år på rad har dei klart å få Sildajazz-arrangørane med på å leggja ein av konsertane her i Skjold. Det vonar vi kan bli ein fast tradisjon også i åra framover.
– Eg hadde aldri trudd at det skulle vera så mykje arbeid å vera med i soknerådet, kommenterte ein av rådsmedlemene då dei etterpå serverte kaffi og kaker til publikummet.



Paul Harrison Band med vokalisten Camila Ernen Lyngholm

Skjold kyrkje Konsert med Kjell Inge Torgersen

27. oktober arrangerer kulturutvalget i Skjold/Vik sokneråd konsert med Stavangermannen Kjell Inge Torgersen. Kjell Inge er songar, låtskrivar, tekstforfattar og formidlar. Torgersen kombinerer drivande god musicalitet med lun humor. Ein konsert med Kjell Inge Torgersen er ei heilaftan, uansett tid på dagen. Som musikar, songar

og tekstforfattar har han virka i mange år. Han har signert ei rekke songar og tekstar. Han har gjendiktta Sting og kjende julesongar til norsk. Mest kjend er nok Aks av gull - Fields of Gold av Sting. Sett av torsdag 27. oktober, og kom på ein flott konsert. Sjå etter plakatar og annonser. Det blir billetsal i døra og kafe på «kyrkjebakken».



Fotograf Dag Knutsen

Ole Johan og «fylkesdama» les først

Av sokneprest Jon Ådnøy

Fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa og Vindafjord-ordførar Ole Johan Vierdal stiller til dei to første øktene når heile Bibelen skal lesast høgt i Skjold kyrkje frå 8. til 13. november. Det er kyrkjelydane i Vikebygd, Skjold og Vats som har teke initiativet til «Bibelmaraton».

Utover hausten får mange i byg-

dene spørsmål om å vera med å lesa. Komiteen håpar å få høyra fleire språk enn norsk.

– Det blir eit detektivarbeid å finna sambygdingar med litauisk, spansk, tysk, arabisk og gjerne endå fleire morsmål, seier Sigmund Eggebø i Bibelmaraton-komiteen. Under lesinga blir det tilgjengeleg biblar på norsk, for lyttarar som ikkje er like stive i alle språk.

Teikningar til bibelforteljingar

Om ikkje lenge blir skuleborn utforda til å laga illustrasjonar til nokon av forteljingane i Bibelen. Ulike klassesteg får i oppgåve å skildra Noahs ark, den femte skapingsdagen (då fuglar og alt som lever i havet blei skapte), og likninga om den miskunnsame samaritanen. Tanken er å laga ei utstilling i kyrkja under «Bibelmaraton».



Styreleiaaren Hans Asbjørn Åsbø sytte for trekkspelemusikk. Hovudtalar var Kjersti Hausberg Bjerga.

Vikestølsmøtet for 116. gong

Av Steinar Skartland

Tradisjonen lever vidare. 26. juni vart fjellstemnet, Vikestølsmøtet, gjennomført for 116. gong. Ute var ein regntung dag, men inne i hytta var det tørt og lunt for dei som fann vegen opp til stølen. Flagget gjekk til topps rett før klokka 12:00, då møtet tok til, ein årleg tradisjon heilt tilbake til år 1900.

Folk kom langs skogsvegane frå Vikebygd og Eikås på Bjoa. Fleire kunne fortelja om at dei var på Vikestølsmøta også under krigen. Då kom det store flokkar frå alle bygdene. På Vikestølsmøtet kunne dei heisa flagget, også under okkupasjonen.

I år var det Kjersti Hausberg Bjerga frå Vikebygd som hadde teke på å vera hovudtalar på møtet. Ho er tilsett i Normisjon i delt stilling med halvdelen innan barne- og ungdomsarbeidet og den andre delen på leirstaden Stemnestaden i Grinde. Elles har ho også har ansvaret for laurdagsklubben for borna i Vikebygd. Eitt levande søndagssku-



Solosong av Marta Marie Åsbø.

learbeid. Ho tok utgangspunkt i då ungguten Samuel fekk kall frå Herren til å bli profet og korleis vi på forskjellige måtar kan bli kalla av Gud til teneste.

- Kva språk talar Gud til oss på? Det kan vera forskjellig etter kven han talar til. For oss gjeld det å vera villige til å lytta.

Kjersti fortalte om kor glad ho var i å gå i naturen og opplevde det som om Gud tala til henne gjennom det ho såg og opplevde der. Men for at

samtalen med Gud skal gå lett må vi ha det godt. Gjera opp det som ikke er på plass og be om tilgjeving for det som ikke er greitt.

Det vart også mykje god allsong denne dagen på Vikestølen til musikk frå trekkspel og gitar (Hans Asbjørn og Steinar). Fleire stilte opp med framføring av solosongar i møta, m.a. Marta Marie Åsbø til trekkspelemusikk av ektemannen. Jo, den gamle tradisjonen med Vikestølsmøte er ennå levande.

Kyrkjegarden i Ølen

Kyrkjegarden skal utvidast og det skal byggjast ny veg via Kyrkjehumpen. Det viser seg at dette tek noko lengre tid enn rekna med. Grunnen til dette er at det er komme krav om

arkeologiske undersøkingar i området. Undersøkingane omfattar både arealet som skal nyttast til ny parkeringsplass og sjølv kyrkjegardsutvindinga. Dette er elles same prosedyre

som ved utvidinga av kyrkjegarden i Sandeid. Det er ikkje fastsett noko tidspunkt for desse undersøkingane – men kommunen har fått lovnad om at ein vil få plass «øvst i bunken». Kyrkjeverja.

«Vivian Zahl Olsen-kveld» i Ølen

Av Lillian Eikeland
Foto: Lars Lien

Anne Lise Brekke Lien og revgjengen inviterte til ein kveld utanom det vanlege på Feedbackhuset, saman med Vivian Zahl Olsen og mannen Per Haugan.

Niande august var nok ein regnvåt sein sommarkveld! Glimrande anledning var det til å søke tilflukt i Feedback huset. Da eg stakk hovudet inn døra fant eg fort ut at eg ikkje var den einaste som hadde gjort det... Her vart eg møtt av blide fjes og frisk, glad trekkspelmusikk, og nokon som leita etter fleire stoler. Det var fullt! Anne Lise song nokre av sine eigne songar! På sin rett fram, ærlige måte, med glede og kjærlighet til Jesus, vitnar hennar song om ein Jesus som set fri utan krav. Når songen så vart illustrert av ein fantastisk revy gjeng, ja så kom det fram både smil og latter blant oss som hørde på! Dette var og kvelden der mange fekk bidra med sine gåver! Vi fekk sjå korleis det kan teiknast, når folk kan det! Vi fekk høre og sjå dikttopplesingar, fleire andre var framme og bidrog med song!

Vivian Zahl Olsen

Så var det Vivian Zahl Olsen sin tur! Ho huskar eg best frå barnetv-seriar då eg var lita! Eg huska at eg var fascinert av teikningane hennar! Denne kvelden fekk eg høysa hennas historie! Vi fekk høysa at vandringa var



Anne Lise ønsker velkommen



Vivian Zahl Olsen i sitt ess

ikkje berre i teikningane si verd, men og ein søker, leitevandring mot og inn i det som verkeleg betyr noko, fridomen i Jesus. Vivian hadde og med seg mannen sin som vitna og fortalte ut frå Guds ord, om kva fridomen i Jesus kan gjera i menneske sine liv, om helbreding.

Etter både matøkt og loddsal, var det tid for heimreis. I det eg lukkar døra etter meg; tenker eg på boka til Vivian: «Gud gjør ingen religiøs»,

og eg tenkte på Anne Lise sin song: «Nei til religion, ja til Jesus». Kva gjer du eigentleg Gud? Viss du ikkje gjer mennesker «religiøse»? og i neste augneblink tenker eg: at litt av svaret fann eg blant det eg hadde fått vore med på denne kvelden.. Gud gjer ingen religiøs, men han fyller dei med frihet, glede, kjærlighet og frimodighet! Takk til alle som deltok, for masse smil, glede og hjartesol inne, på ein elles regntung august kveld!



Anne Lise med ny CD

Av Bjørg Marit Notland

Anne Lise Brekke Lien frå Bjoa har kome ut med ny CD!

Denne inneholder 20 låtar av og med Anne Lise der stilene spenner frå swing, via country-låtar til rolege balladar. Produsent, arrangør og musikar er Hans Borg, men utanom bidreg ei gruppe med koring og andre med vokal og trekkspel. Arrangementa er gode og varierande.

Anne Lise er kjend for å vera direkte i stilens. Ho pakkar ikkje inn bod-

skapen ho vil ha fram, anten ho står på revysscene eller bedehus, men serverer det ærleg og rett på sak. Ved å syngja på dialekt har ho gitt låtane sine ei språkdrakt som mange kan kjenna seg igjen i.

Denne CD-en har hovudvekt på «Den glade bodskapen» og tittelen på CD-en er «Nei til religion! Ja til Jesus!» I tekstane blikr det lagt vekt på at frelse er noko ein får ufortent, at me er elsa som me er og at Jesu kjærleik gjeld alle. Utanom vil du også finna tekstar om mellom anna

vennskap, mobbing og det å gjera opp menneske imellom. Dei fire siste songane har engelsk tekst. Det er nytt frå Anne Lise og er med på å skapa god variasjon når det gjeld låtvalet.

Samla sett skin det gjennom at Anne Lise vil utfordra oss til å tenkja i nye banar og å ta nye val, anten det gjeld livet her og no eller med tanke på evigheten.

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

 Vi er en del av   Vi er en del av  

Knaphus 
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus 
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 
SR-BANK



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

Haustmarknad i VATS

m/ loppesal og auksjon, Laurd. 22. okt. kl. 12:00 i Vindafjordhallen. Auksjonen startar ca kl 14:00 i tillegg til lopper vert det sal av fine heimelaga ting, nysteikte potetkaker m.m. Kafé, Åresal og Lykkehjul. Velkommen! Har du lopper, ta kontakt med: Karin Koltveit 994 45 694 eller Yngve Stødle 996 19 427. Arr.: Vats bedehus/soknehus-foreining

FamilieKRIK Skjold

FamilieKRIK startar opp igjen samlingane sine med fyrste samlinga for hausten sundag 4. september kl 11.00 på Lie i Skjold. Ta med deg heile familien og kom! Her blir det leikar og aktivitetar for store og små. På samlinga vil det også bli ei andaktsstund og ein matpause (alle tek med eigen mat og drikke). Me stiller med varme grillar. Kle deg etter veret. Neste samling er sundag 2. oktober kl. 16.00-18.00 i Skjold Arena. Heile familien er velkomne til aktivitetar og leikar, andakt, fruktpause og høg puls. Hugs innegymsko og drikkeflaske. Me tek med frukt til alle!

ALPHA-kurs

ALPHA kurs startar opp onsdag 21. september kl. 20.00 - 22.15 i SKjold kyrkje. Her er det plass til fleire om nokon vil. Ta kontakt med Jon Ådnøy tlf.: 93245645 eller Kjersti H. Bjerga tlf.: 93833150. Arr.: Sokneråd og bedehusa i Vikebygd og Skjold.

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelbeitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap

og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

SELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:

93 21 66 79 / 52 75 88 60



Øvre Vats bedehus. Basar torsdag 15. september kl. 18:00. Programmet er tilpassa familie med born og vaksne. Ingfrid Hystad skal halda andakt. Det blir mat og kaffi, og eige lotteri for borna. Basaren er heilt nødvendig for økonomien for bedehuset. Me ynskjer velkommen til basar i eit nymåla bedehus, og er takksame for gåver til gevinstar.

KRIKsandeid. Eit lokallag som held til i Sandeid, der-av namnet. KRIKsandeid ønskjer gjennom sitt arbeid å være eit kontaktledd mellom kristendom og idrettslag, og arbeider på tvers av idrettsgreiner, kyrkjegrenser, prestasjonsnivå og alder. KRIKsandeid ønskjer være eit lavterskelttilbod for tru og idrett slik at idrettsutøvarar på alle nivå får tilbod om eit godt, trygt, kristent fellesskap. Lokallaget er rus- og alkoholfritt, har nulltoleranse for mobbing og fokus på eit inkluderande fellesskap kor alle skal få oppleve å bli sett og hørt.

Nedre Vats helselag

Demensaksjonen 2016, Bøsseinnsamling 19. – 25. sept.
Ta vel imot oss. Nasjonalforeningen

Basar på Kårhus bedehus 7. okt. kl. 19:00

VELKOMEN TIL GUDSTENE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
04. sept. 16.s.i treeiningstida Matt 11, 16 – 19	16.00 11.00 16.00 11.00	Sandeid Ølen Bjoa Vats	Fam.gudsteneste. Konf.presentasjon. Takkoffer til konf.arbeidet. Gudsteneste Konfirmantpresentasjon.Takkoffer: Brandøy Ungdomssenter Gudsteneste Konf.presentasjon. Takkoffer : Brandøy Ungdomssenter Nattverd. Takkoffer til trusopplæring/kyrkjelydsarbeid.
11. sept. 17.s.i treeeingstida Mark 5, 35 - 43	11.00 17.00	Imsland Skjold	Høgmesse. Nattverd. NMS-vitjing. Takkoffer til NMS. G-17. Nattverd. Takkoffer til speidarane. Kveldsmat.
18. sept. 18.s.i treeiningstida Sal 38, 10 – 16	11.00 11.00 16.00 17.00	Ølen Vikebygd Vikedal Vats	Høgmesse. Nattverd. Kyrketundagar. 50-60 årskonfirmantar. Takkoffer: Kyrkjelydarbeidet. Fam.gudst. 4-årbok/50årskonf. Takkoffer til Acta(barn og unge i Normisjon) Fam.messe. NMS-vitjing/Mi Kyrkjebok. Takkoffer NMS. Fam.gudst. 4-årsbok/50årskonf. Takkoffer til Sambolabo. Kveldsmat.
25. sept. 19.s.i treeiningstida kyrkjelyden. Luk 9, 57 - 62	11.00 11.00	Sandeid Skjold	Hausakkedugsteneste. Dåp. Mi Kyrkjebok Takkoffer. Fam.gudsteneste. 4-årsbok/50årskonf. Takkoffer til barne- og ungd.arb i
02. okt. 20.s.i treeiningstida Matt 18, 1 – 11	11.00 11.00 11.00	Imsland Bjoa Vats	Hausakkedugsteneste. Gullkonfirmantfest. Takkoffer til konfirmantarbeidet. Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer
09. okt. 21.s.i treeiningstida Luk 12, 13 – 21	11.00 11.00 17.00	Vikedal Ølen Skjold	Hausakkedugsteneste. Takkoffer til Ifanadiana. Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Det norske Misjonsselskap G-17. Nattverd. Takkoffer .
16. okt. 22.s.i treeiningstida Luk 10, 25 – 37	11.00 16.00	Vikebygd Sandeid	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer Høgmesse. Nattverd. NMS-vitjing. Takkoffer.
23.okt. 23.s.i treeiningstida Matt 24, 35 - 44	11.00 11.00 16.00	Imsland Vats Ølen	Fam. messe. Mi Kyrkjebok. Takkoffer trusopplæringa i Imsland. Gudsteneste. Nattverd. Mi kyrkjebok. Takkoffer. Familiegudsteneste. Utdeling Barnebibel 4-åringar. Takkoffer:Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.
30.okt. Bots- og bønedag Luk 15, 11 – 32	11.00 11.00	Vikedal Vikebygd	Bønegudst. Takkoffer til diakoniarbeidet. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Normisjon.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

Klubbkveldar i Bedehuskjellaren i Vikedal

5.-7.kl. torsdag 18:00-20:00	8.-10.kl. fredag 19:00-23:00
8. 9 Ord for kvelden: Anne Marie Reimers	9. 9. Ord for kvelden: Prest Bjarne Hjelvik
22. 9. Ord for kvelden: Lillian Eikeland	23.9. Ord for kvelden: Sokneprest Harald Eintveit
6. 10 Ord for kvelden: Sokneprest Harald Eintveit	7.10 Ord for kvelden: Eirik Stople
20. 10 Ord for kvelden: Anne Marie Reimers	21.10 Ord for kvelden: Eirik Stople

Hausten 2016: Torsdagstreff på Kyrketunet

1.september; 6.oktober; 3.november; 1.desember. kl. 11-13. Pris kr. 50. VELKOMEN, Diakoniutvalet i Ølen.



Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 20. oktober.
Frist for levering av stoff er
24. september.

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Vågen bedehus

4.9.	søndag	11:00	Søndagsskule
4.9.	søndag	13:00	Aktiviteten: Tur til Vakadalen
7.9.	onsdag	19:30	Bønnemøte
11.9.	søndag	11:00	Nattverdsmøte
14.9.	onsdag	19:30	Bønnemøte
18.9.	søndag	11:00	Søndagsskule
18.9.	søndag	19:30	Søndagsmøte, NMS
21.9.	onsdag	19:30	Bønnemøte
25.9.	søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM
27.9.	tysdag	17:30	Jentelaget og Gutelaget
28.9.	onsdag	19:30	Bønnemøte
2.10.	søndag	11:00	Søndagsskule
2.10.	søndag	19:30	Søndagsmøte, NLM
5.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
9.10.	søndag	19:30	Søndagsmøte
12.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
16.10.	søndag	11:00	Søndagsskule
16.10.	søndag	19:30	Søndagsmøte, DISM

Sjå også: vaagenbedehus.no



Kyrkjjetunet i Ølen

1.9.	torsdag	11:00	Torsdagstreff
1.9.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
4.9.	søndag	18:00	Samlingsfest. Marit Andresen Røen (IMS)
8.9.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
9.9.	fredag	18:00	Klubb
11.9.	søndag	11:00	Show it
15.9.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
17.-	Lør-		Kyrkjeturdag
18.9.	Sønd.		
22.9.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
23.9.	fredag	18:00	Klubb
23.9.	fredag	19:30	Bonne- og lovsangskveld. Fellesskap på tvers
25.9.	søndag	19:30	Søndagsmøte Gideon
29.9.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
30.9.-	Fre-		Møtehelf v/Finn Arne Lauvås
2.10.	Sønd.		
1.10.	laurdag	14:00	Internasjonal eldredag
6.10.	torsdag	11:00	Torsdagstreff
6.10.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
7.10.	fredag	18:00	Klubb
13.10.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
14.10.	fredag	19:30	Bonne- og lovsangskveld. Fellesskap på tvers
18.-	tirs-		Møteveke v/Martha og Edgar
23.10.	sønd.		Paulsen
20.10.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
21.10.	fredag	18:00	Klubb
26.10.	onsdag	18:00	Damenes aften
27.10.	torsdag	17:30	Samling for innvandrarar
30.10.	søndag	19:30	Søndagsm. m/Indre sjø. G. Kallevik

Sjå også: www.kyrkjjetunet.no

ALPHA-kurs i Skjold kyrkje

Fra 21. sept. kl. 20:00

Pensjonistmøte i Vats kl. 17:00-19:30

Tysdag 27.09. Me møter på Hatteland kaien. Jone informerer og viser oss rundt og serverer mat. Tysdag 25.10. Møte i kjellarstova på Vindafjordhallen. Kåsør, sang, trekkspill musikk, opplesing, mat og kaffi.
DU KJEM VELL?

Bedehusa i Skjold

4.9.	sundag	Austrheim. Ev.Orientmisjon. BE-gjengen
6.9.	tysdag	Isvik. Indre Sjø. Temakveld
8.9.	torsdag	Ersland. Bønnemøte
13.9.	tysdag	Ersland. Normisjon.
20.9.	tysdag	Austrheim. Normisjon.
22.9.	torsdag	Ersland. Indre Sjø.
27.9.	tysdag	Isvik. NLM Misjonssamband.
1.10.	laurdag	Austrheim. Grautcafè / Basar
4.10.	tysdag	Ersland. Indre Sjø. Temakveld.
6.10.	torsdag	Ersland. Bønnemøte.
11.10.	tysdag	Austrheim. Samemisjonen.
18.10.	tysdag	Isvik. Israelsmisjonen - Basar
20.10.	torsdag	Ersland. Bønnemøte
24.10.	måndag	Austrheim. Innsamling Ukraina.
25.10.	tysdag	Ersland. Ev.Orientmisjon. BE-gjengen.
27.10.	torsdag	Austrheim. Halvar Hasseløy - Ukraina
29.10.	laurdag	Ersland. Bedehusbasar - Graut.

Vikebygd bedehus

8.9.	torsdag	19:30	Møte v/Kåre Johan Hamre, NMS
22.9.	torsdag	19:30	Orientmisjonen, BE-gjengen syng
30.9.	fredag		Basar Normisjon
13.10.	torsdag	19:30	Møte
26.10.	onsdag	15:00	Innsamling klede til Ukraina
		18:00	Ons-torsdag klokka 15:00-18:00
27.10.	torsdag	15:00	Innsamling klede til Ukraina
		18:00	Ons-torsdag klokka 15:00-18:00
9.-13.11			Bibellesen i Skjold kyrkje (Sjå Hyrd.nr 3)
24.11.	torsdag	19:00	Filmkveld

Vikebygd Laurdagsklubb

Annankvar laurdag klokka 15:30 - 17, sjå plakat på bedehuset

Innbjoa bedehus


7.9.	onsdag	19:30	Filmkveld
14.9.	onsdag	19:30	Bønnemøte
18.9.	søndag	17:00	Søndagsmøte
21.9.	onsdag	19:30	Bønnemøte
28.9.	onsdag	19:30	Bønnemøte
5.10.	onsdag	19:30	Onsdagsmøte
12.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
16.10.	søndag	17:00	Søndagsmøte
19.10.	onsdag	17:30	Mini-Credo
19.10.	onsdag	19:30	Møte med Gideon
26.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte



BARNAS SIDE


Fargelegg!

Jesus stiller stormen



Finn 5 feil

Jesus lærte folket om Gud. Så drog han og læresveinane over sjøen. Underveis vart det storm! Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet NEDERST?



Viktige datoar - trusopplæring

BABYSONG for baby m/forelder. 10 samlingar – det går an å hive seg på underveis om du ikkje får med deg starten. 2 kurs i haust: Kyrkjelunet i Ølen på tysdagar, Skjold kyrkje på torsdagar, begge kursa varer frå kl.1030-1200 og er opne for alle Vindafjordingar.

Oppstart: Ølen 30/8, Skjold 8/9. Påmelding, kontakt kateket Britt for info.

KRØLLEKVED for 2-åringar m/ forelder i september/oktober. Samlingar i dei ulike kyrkjelydane. 2-åringane får brev med invitasjon og informasjon i posten.

HEIME I KYRKJA (4-årssamling på laurdagen + utdeling av bok i gudsteneste på søndagen).

17. + 18.september:
Vikebygd, Vats og Vikedal

24. + 25.september:
Skjold og Sandeid

22. + 23.oktober:

Ølen + Imsland (Imsland: berre gudst. 23/10,- dato for samlinga er ikkje fastsatt enno)

LYS VAKEN for 5.klasse. 26/27 november. Nokre kyrkjelydar har overnatting, andre avsluttar ved midnatt på laurdagen. Invitasjonar med påmeldingsinfo blir delt ut i god tid på førehand. NB – her trengs mange leiarar så set av helga og bli med på noko kjekt.

UTDELING AV BIBLAR til 5.klasse. Gudsteneste.

27.november (i samband med Lys Vaken): Ølen og Bjoa

8.januar: Vikedal og Vats

15.januar: Imsland og Vikebygd

22.januar: Sandeid og Skjold

VINTERLEIR – VENER FOR LIVET

for 5.klasse, felles leir for heile Vindafjord på Brandøy. Invitasjonar med påmeldingsinfo blir delt ut i starten på januar. 27.-29.januar

DEN STORE SKATTEJAKTA

for 1. klasse. 4 samlingar + gudsteneste med utdeling av bok i eigen kyrkjelyd (ikkje Imsland og Vikebygd i år). Oppstart jan/feb. Invitasjonar med påmeldingsinfo kjem i løpet av januar.

ELLES:

Nokre kyrkjelydar prøver ut ulike andre tiltak. Invitasjonar til desse kjem direkte til målgruppa. NB – me har av og til problem med postgangen. Fint om foreldre kan tipse kvarandre.

Generelt: Ved nokre høve blir invitasjonar delt ut på skulen utan adressat etter avtale med skuleleiinga. Elles kjem invitasjonar i posten til alle døypte og tilhøyrande (der mor eller far er medlem). Andre utan tilknyting til Den norske kyrkja er også velkomne på tiltaka– kontakt kateket Britt eller ditt lokale kyrkjekontor.

KONTAKTINFORMASJON:

Kateket Britt (– ta kontakt om de lurer på noko, uansett kva tiltak det gjeld): tlf 53 65 65 42/45 22 15 80. E-post: britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Sjekk også facebooksida vår!
facebook.com/trusopplaering.vindafjord

